

KOMMISJONENS GJENNOMFØRINGSAVGJERD

2016/EØS/64/15

av 7. desember 2011

om godkjenning av Kapp Verde i medhald av europaparlaments- og rådsdirektiv 2008/106/EF med omsyn til systema for opplæring og sertifisering av sjøfolk

[meld under nummeret K(2011) 8998]

(2011/821/EU)(*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsdirektiv 2008/106/EF av 19. november 2008 om minstekrav til sjøfolks opplæringsnivå⁽¹⁾, særleg artikkel 19 nr. 3 første leddet,

med tilvising til oppmodinga frå Kypros av 13. mai 2005, og ut frå desse synsmåtane:

- 1) I samsvar med direktiv 2008/106/EF kan medlemsstatane ta ei avgjerd om å godkjenne dei sertifikata som tredjestatar har utferda til sjøfolk, på det vilkåret at Kommisjonen har godkjent den aktuelle tredjestaten. Desse tredjestatane må oppfylle alle krava i konvensjonen til Den internasjonale sjøfartsorganisasjonen (IMO) om normer for opplæring, sertifikat og vakthald for sjøfolk (1978), i revidert utgåve av 1995 (STCW-konvensjonen)⁽²⁾.
- 2) Ved brev av 13. mai 2005 og 1. desember 2005 sende Kypros inn ei oppmoding om godkjenning av Kapp Verde. Som følgje av denne oppmodinga har Kommisjonen vurdert systema for opplæring og sertifisering i Kapp Verde med sikte på å kontrollere om denne staten oppfyller alle krava i STCW-konvensjonen og om det er gjort tilfredsstillande tiltak for å hindre svik med omsyn til sertifikat. Denne vurderinga vart gjord på grunnlag av ein inspeksjon som sakkunnige frå Det europeiske sjøtryggleiksbyrået utførte i juni 2006. Under den inspeksjonen vart det oppdaga visse manglar i opplærings- og sertifiseringssystema.
- 3) Kommisjonen la fram for medlemsstatane ein rapport om resultatane av vurderinga.
- 4) Ved brev av 2. februar 2009, 8. desember 2009 og 17. september 2010 oppmoda Kommisjonen Kapp Verde om å leggje fram prov på at dei manglane som vart oppdaga, er vortne retta opp.
- 5) Ved brev av 23. april 2009, 19. januar 2010, 4. desember 2010, 25. februar 2011, 10. mars 2011 og 25. mai

2011 la Kapp Verde fram dei opplysningane og prova som det vart bede om med omsyn til gjennomføringa av høvelege og tilstrekkelege korrigerande tiltak for å rette opp dei fleste manglane som vart oppdaga under vurderinga av samsvaret.

- 6) Dei resterande manglane gjeld på den eine sida mangel på eit visst opplæringsutstyr ved den viktigaste institusjonen for maritim utdanning og opplæring i Kapp Verde, og på den andre sida noko av kursinnhaldet i samband med avsnitt A-III/2 i STCW-konvensjonen. Kapp Verde er difor vorte oppmoda om å gjennomføre fleire korrigerande tiltak på desse områda. Desse manglane gjev likevel ikkje grunn til å tvile på at Kapp Verde generelt oppfyller krava i STCW-konvensjonen med omsyn til opplæring og sertifisering av sjøfolk.
- 7) Resultatet av vurderinga av samsvaret og vurderinga av opplysningane som Kapp Verde har lagt fram, viser at Kapp Verde oppfyller dei relevante krava i STCW-konvensjonen og har gjort høvelege tiltak for å hindre svik med omsyn til sertifikat.
- 8) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå Utvalet for sjøtryggleik og hindring av ureining frå skip —

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

For føremåla med artikkel 19 i direktiv 2008/106/EF er Kapp Verde godkjend med omsyn til systema for opplæring og sertifisering av sjøfolk.

Artikkel 2

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 7. desember 2011.

For Kommisjonen

Siim KALLAS

Visepresident

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 327 av 9.12.2011, s. 67, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 132/2012 av 13. juli 2012 om endring av EØS-avtalens vedlegg XIII (Transport), se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 63 av 8.11.2012, s. 13.

(¹) TEU L 323 av 3.12.2008, s. 33.

(²) Vedteken av Den internasjonale sjøfartsorganisasjonen.